

Godt samarbeid med kommunen om blomebedda.

18.07.2016



Helge Naterstad på plass i blomebeddet i sentrum ved busslomma.

**Gartnar Helge Naterstad kom attende frå ferie i dag og er straks på plass i blomebedda i Uskedalen. Uskedal utvikling er godt nøgd med samarbeidet bygda har med Kvinnherad kommune. Naterstad gjer sitt til at deler av sentrum er rydda og stelt.**

Samarbeidet med Kvinnherad kommune gjeld arealet ved busslomma og rosebeddet på kortsida av Gamleskulen. Sella Hjønnevåg har vore Uskedal utvikling sin kontaktperson. Sella saman med mannen sin, Alf, har hatt ansvar for vedlikehald og tilsyn med planter og rydding. Helge Naterstad er fagmann og utfører sjølv arbeid med å halda område fint, slik vi såg det i dag.

I blomebeddet ved busslomma er det planta roser, rododendron og vintergrønt. Nokre kuleforma einer tek seg vakre ut, men hindrar sikten om ein kjem opp frå skulen og skal ut på fylkesvegen. Naterstad er merksam på problemet og er klar til å fjerna buskane dersom det er ynskjeleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal